

SAKSPROTOKOLL

HANDSAMING I KOMMUNESTYRET 25.04.2017:

VEDTAK I KOMMUNESTYRET 25.04.2017:

Tysnes kommune er i hovudssak positiv til at det no vert gjennomført rullering av regional transportplan for Hordaland for perioden 2018 – 20209.

Tysnes kommune vil likevel peika på nokre områder som det etter vårt syn bør arbeidast vidare med:

- Fylkeskommunen bør ikkje vurderer omklassifisering frå fylkeskommunal til kommunal veg utan først å ha kontroll over alminneleg vedlikehald.
- Me stør inndelinga i overordna- og øvrig fylkesvegnett, me meiner at det bør gjerast nokre grep for å hindra at forfallet på det øvrige fylkesvegnettet eskalerer ytterlegare.
- Det er positivt at drift av ferjesamband no er kome inn som del av fylkesvegnettet. Når det gjeld ferjer så synes det å vera låge utslepp som er tillagt vekt framføre mobilitetsbehovet. Det er også vanskeleg å sjå at det er trafikktryggleik og framkome som vert prioritert for ferjene. Det synes samla å vera ei mangelfull forståing for ferjene si rolle som veg og er vanskeleg å sjå at ferjene skal underleggjast andre krav enn det øvrige vegnettet. Det bør gjerast ei eiga transportfagleg vurdering opp mot måla i planen framføre at planen berre passivt skal vidareføra Fylkestinget sine tidlegare mistak.
- Ei strategisk tilnærming til kollektivreiser i dette perspektivet burde absolutt teke opp i seg spørsmål knytt til snøggbåt. Det er påfallande kor lite fokus sjøen har i fylkeskommunen si utgreiing av kollektivtransport utanom Bergen. Planen er mangelfull i sin omtale av snøggbåttilbod som finnes i dag og har ingen yver for utvikling av dette tilbodet. Både i Sunnhordlandsbassenget og i Bjørnefjorden burde det vore tekt korleis nye nullutslepps fartøy kan auka kollektivdelen og gje ei betre samla reise og transporttilbod. Det vert for snevert å berre sjå ein strategi for båt opp mot transport i Bergensområde, jf. Punkt 7.4.3.2.
- I planen si handsaming av regionsenter synes det kanskje å vera større fokus på sjølve senteret og mindre på det opplandet som gjer staden til eit senter. Dersom regionsentera skal ha føresetnad for vekst og utvikling må det arbeidast med å sikra betre kommunikasjonar mellom sentrum og oppland.
- Det er satt av om lag like store andelar av midlane for dei fire neste åra til Bergenspakken og det øvrige fylkesvegnettet, om lag MNOK 1 100 til kvar. Ein større del av desse midlane burde vore sett av til fylkesvegnettet utanfor Bergenspakken.

- Planen synes passiv i høve til å ta strategiske grep grun økonomien. Det bør reist prinsipielle spørsmål til dagens ordning med bompengepakker, det samla etterslepet av refusjonar bør synleggjerast og nye verkemidlar slik som ferjeavløysingsmidlar må møtast meir offensivt.

- Per no er det 3 ferjeavløysingsprosjekt i Hordaland som peiker seg ut som realistiske og gjennomførbare i planperioden, og Tysnes kommune ynskjer at disse prosjekta blir omtalt i RTP i denne prioriterte rekkefølga:

1. Masfjordsambandet – Erstatte kabelferja i Masfjorden med bru.
2. Bru til Huglo -Bru mellom Skorpo i Tysnes kommune og Huglo i Stord kommune.
3. Fjellbergsambandet i Kvinnherad kommune.

Dette er ei viktig føresetnad for at prosjekta kan fylgjast opp i handlingsprogrammet til RTP, og ikkje minst for at me skal kunna realisera dei i planperioden.

Av dei tilhøva som vart omtalt i planprogrammet og som me ikkje ser klare svar på i planen vil me særskilt peika på følgjande:

- Me kan ikkje sjå at moglegheitsstudien for E39 er fylgt opp i samsvar med premissane lagt i planprogrammet.
- I planprogrammet vart det peika på at det må utgreiast ein mogleg fordelingsnøkkel mellom overordna og øvrig fylkesvegenett for å hindra vidare forfall av det øvrige fylkesvegnettet.